

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

Møtestad: Ålesund - Adm.bygg

Dato: 06.12.2021

Tidspunkt: 10:00 - 16:15

Til stades:

Namn

Varamedlem for

Atle Tangen

Janne Remøy Endresen

Daniel Ask

Anne Grete Mogstad

Jakob Strand

Teams

Paula Næss Skår

Ann Helene Skare

Teams

Annlaug Stavik

Benjamin Vågen

Representant frå Ungdomsrådet

Julie Ramstad

Leder Ungdomsrådet (delvis på Teams)

Ikkje møtt:

Namn

Asbjørn Ringdal Gausdal

MEDL

Asle John Giske

MEDL

Frå administrasjonen møtte:

Namn

Stilling

Ingrid Fiskerstrand

Merknad i møte:

Møteprotokollen er godkjend i møtet

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
85/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
86/21	Representasjon i råd og utval - munnleg orientering
87/21	Oppnemning i råd og utval
88/21	Orientering frå Regional brukerkonferanse i Stjørdal november 2021
89/21	Referatsaker - utan saksframlegg
90/21	Orientering frå administrerende direktør
91/21	Styresak - Flytting av pasienttilbodet frå Mork Rehabiliteringssenter til Volda sjukehus samt avhending av Rydet 16
92/21	Evaluering av to-årsperioden Brukarutvalet 2020-2021
93/21	Styresak - Statusrapport oktober og budsjett 2022
94/21	Avtakking av representantar frå Brukarutvalet HMR periode 2020-2021

85/21 Godkjenning av innkalling og saksliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 85/2021 i møte den 06.12.2021

Behandling

Brukarutvalsmøtet i januar flyttast til mandag 7. februar 2022.

Etter ordinær saksliste og møteslutt skal brukarutvalsmedlemmane intervjuast for følgjande prosjekt:

- **Forskningsamarbeid, Covid19**

Intervjuar: Marit Kvangarsnes

Intervjuar: Odd Veddeng

Moderator: Anne S. A. Larsen

Moderator: Berit Kvalsvik Teige

Vedtak

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og saksliste for 06.12.21

86/21 Representasjon i råd og utval - munnleg orientering

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 86/2021 i møte den 06.12.2021

Behandling

Skår, Paula Næss	<ul style="list-style-type: none">• 18.09.21• 03.11.21• 04.11.21• 05.11.21• 08.11.21• 09.11.21• 10.11.21• 17.11.21• 18.11.21• 19.11.21	<ul style="list-style-type: none">• Au til Bu (glemte å ta med sist)• Styremøte HMR Ålesund• Styreseminar HMR Geiranger• BU SNR• Møte med FFO ang. Mork• Regional brukerkonferanse i Stjørdal• Regional brukerkonferanse i Stjørdal• Partnerskapsmøte Vestnes• Orientering fra adm.dir. ang. Mork• Au til Bu
Skare, Ann Helene	<ul style="list-style-type: none">• 03.11.21• 04.11.21• 05.11.21• 08.11.21• 09.11.21• 10.11.21• 11.11.21• 17.11.21• 18.11.21• 19.11.21• 26.11.21• 26.11.21	<ul style="list-style-type: none">• Styremøte HMR Ålesund• Styreseminar HMR Geiranger• Brukerutvalgsmøte SNR, Hjelset• Kort møte i lokalt samhandlingsutvalg, teams• Regional brukerkonferanse på Værnes• Regional brukerkonferanse på Værnes• Kvalitetsråd Kreft og rehabilitering, teams• Regionalt fellesmøte med leiar, nestleiar og sekretærar for BU, teams• Infomøte om Mork Rehabiliteringssenter, teams• AU Brukerutvalg, teams• Lokalt samhandlingsutvalg, Molde Rådhus• Møte arbeidsgruppe fagplan psykisk helse, Seilet Molde.
Mogstad, Anne Grete	<ul style="list-style-type: none">• 09.11.21• 10.11.21	<ul style="list-style-type: none">• KEK seminar Ålesund• KEK seminar Ålesund
Ask, Daniel	<ul style="list-style-type: none">• 01.11.21	<ul style="list-style-type: none">• Møte i brukerutvalget
Strand, Jakob		<ul style="list-style-type: none">• Klinikk Volda• KEK.
Endresen, Janne Remøy	<ul style="list-style-type: none">• 16.11.21• 18.11.21• 18.11.21	<ul style="list-style-type: none">• Faglig samarbeidsutv. barn og unge• Samarbeidsråd klinikk Volda• Teamsmøte med adm. Dir. ang. Mork
Tangen, Atle	<ul style="list-style-type: none">• 05.11.21• 18.11.21• 17.11.21• 26.11.21	<ul style="list-style-type: none">• BU. SNR• Teamsmøte om Mork• Samarbeidsråd for diagnostikk• LSU Molde

Angående sak 85/21 i brukarutvalgs møte 01.11.21 - "**Stellerom for vaksne i alle byggesaker**". Notat frå brukarutvalsmedlem Janne Remøy Endresen blei sendt til administrasjonen for oppfølging.

Iflg. svar frå seksjon for drift og eigedom blei notatet sendt vidare til prosjektleiarar for pågåande byggesaker jfr. habiliteringsbygg SNR, Volda og AIO.

Iflg. svar skal pasientar som har behov for stellerom kontakte den klinikken der dei skal behandlast. Brukarutvalet HMR ønskjer svar på korleis Helseforetaket vil formidle dette ut til pasientane.

Brukarutvalet HMR anser ikkje svaret frå drift og eigedom som avklarande og ber om ei orientering på korleis krav til universell utforming (TEK 17) skal bli ivaretatt for framtidige byggeprosjekter.

Nestleiar Ann Helen Skare orienterte frå organisasjonen BARNEBLIKK.

Bakgrunnen for Barneblikk familieteam

Helse og omsorgsdepartementet har pålagt alle helseføretak å etablere heilskaplege og langsiktige oppfølgingstenester for gravide og småbarnsfamiliar med rusproblem eller psykiske vanskar. I Møre og Romsdal er tilbodet ei samhandlingssatsing mellom kommunar og spesialisthelsetenesta. Barneblikk familieteam er difor etablert i kommunar som er nært knytt til lokalsjuehusa.

Brukarutvalet ønskjer at Mette Grytten skal komme til eit Brukarutvalsmøte i 2022 og orientere om Barneblikk. Ungdomsrådet ønsker å bli invitert inn til denne orienteringa.

Vedtak

Brukarutvalet tek orienteringa til vitende med merknader som nemnt under behandling.

87/21 Oppnemning i råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 87/2021 i møte den 06.12.2021

Behandling

Det er ikkje meldt inn ønsker om representantar til råd og utval sidan sist møte i Brukarutvalet HMR.

Vedtak

Ingen vedtak

Det nye Brukarutvalet HMR vil ha ei gjennomgang av eventuelle nyval til råd og utval i første møte i 2022.

88/21 Orientering frå Regional brukarkonferanse i Stjørdal november 2021

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 88/2021 i møte den 06.12.2021

Behandling

Leiar og nestleiar i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal har deltatt på Regional Brukarkonferanse i Stjørdal den 10. og 11. november 2021.

I dagens brukarutvalsmøte orienterte dei frå samlinga.

Hovudtema for samlinga:

- Rus og Psykisk Helse
- Rehabilitering

Presentasjonar frå konferansen er tilgjengelig i styringsportalen under Helse-Midt Norge.

Oppsummering frå konferansen:

- Positivt med kun to tema på konferansen
- Gode foredragshaldarar

- Fleire pausar er nødvendig
- Dårlig lyd i rommet.
- Kan ein alternere stad for samlinga?
- For framtida ønskjer ein at heile brukarutvalet kan delta på konferansen.

Vedtak

Ingen vedtak

89/21 Referatsaker - utan saksframlegg

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 89/2021 i møte den 06.12.2021

Behandling

I møtet blei følgjande referatsaker blei lagt fram for Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal:

1. Protokoll styremøte HMR 03.11.21
2. Innspel til faglig plan for psykisk helse frå Ann Helen Skare og Ingrid Løset (Plan er fremdeles under arbeid)
3. Protokoll RBU 22.11.21
4. Uttale frå FFO, Pensjonistforbundet, SAFO - "Pasientar og pårørande ser fram til at Helseplattformen skal bli tatt i bruk i hele Midt-Norge"

Vedtak

Ang. Protokoll RBU 22.11.21 (sak 98/21): Brukarutvalet HMR ønsker nærare info om på kva måte representantar for Bestillerforum bli valt ut til. Sekretær sender spørsmål til Regionalt brukarutval.

90/21 Orientering frå administrerande direktør

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 90/2021 i møte den 06.12.2021

Behandling

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal fekk orienteringar frå administrerande direktør Øyvind Bakke om følgjande tema

- Covid19
- Sjukefråvær
- Vaksinerings
- Psykisk helsevern og rus
 - Psykosepost
 - Alderspsykiatri
 - Sikkerhetspsykiatri
- Rekruttering
- PET CT. Opning onsdag 8.12.21
- MR Kristiansund
- Orientering om fødesituasjonen på styremøtet- den 8.12.21
- Jordmorutdanning - 10 stk. er igangsatt fra august 2021 (2 år)
- Utlyst stilling: Helse- og teknologidirektør

- Rapport om vaktlinje
- SNR
- AIO - positivt vedtak fra Helse Midt-Norge
- Videokonsultasjonar
- Årsverk

Vedtak

Brukarutvalet HMR tek orienteringa frå administrerande direktør til vitende.

Brukarutvalet vil jobbe vidare med å marknadsføre info/oppfordringer om følgjande to tema:

- oppmode alle som kan til å vaksinere seg.
- kommunisere ut at Brukarutvalet HMR har tillit til den informasjon som blir kommunisert frå helseforetaket ang arbeidet med å få tilsett nødvendig antall gynekologer og jordmødre for at helseforetaket skal kunne åpne fødetilbudet i Kristiansund igjen.

91/21 Styresak - Flytting av pasienttilbudet frå Mork Rehabiliteringssenter til Volda sjukehus samt avhending av Rydet 16

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 91/2021 i møte den 06.12.2021

Behandling

Styresakens tittel i styremøte 8.12.21: **Endret lokalisering av rehabiliteringstilbudet ved Mork samt samling av DPS døgntilbod i Volda og ambulant team ved Myrvåg.**

I Teamsmøte den 18. november 2020 fekk brukarutvalet HMR og organisasjonane ei munnleg orientering om saken samt svar på spørsmål frå:

- Administrerande direktør Øyvind Bakke
- Viseadministrerande direktør Heidi Nilsen
- Fagdirektør Torstein Hole
- Klinikksjef Jorun Bøyum - klinikk for kreftbehandling og rehabilitering

Saksframlegg med vedlegg har medlemmene fått tilgang til gjennom styringsadministrasjonen under "Saker til styremøte HMR 08.12.21"

Klinikksjef Jorun Bøyum var til stede og svarte på spørsmål under Brukarutvalet HMR si behandling av styresaken.

Vedtak

Brukarutvalet HMR tar til etterretning styrets vedtak i styremøte den 8.12.21 med følgjande kommentarar:

Brukarutvalet tar til vitende forslag til vedtak til styresak 96/21 med følgjande kommentarar:

- Brukarutvalet ser det som særskilt viktig at foreslått flytting av rehabiliteringstilbudet til Volda sjukehus ikkje vil redusere kvaliteten på tilbudet til rehabiliteringspasientane, men vil bli utvikla vidare til det beste for pasientane og at det blir gode prosesser som sikrar at tilsette følgjer med.
- Brukarutvalet HMR ber om at konkrete innspel frå brukarorganisasjonane og kommunane blir kommentert og vurdert i saksutgreiinga til styret.
- Brukarutvalet viser elles til vedtak i brukarutvalsmøte frå 01.11.21 i sak 75/21:
 - Brukarutvalet i HMR ønskjer å bli tidlegare involvert i saker som omfattar større endringar som til dømes:

- eventuell flytting av Mork
 - eventuell flytting av DPS Myrvågen
 - parkeringstilhøva ved Ålesund sjukehus
- I sak om flytting av Mork har Brukarutvalet HMR ikkje komme med i prosessen frå starten av.

92/21 Evaluering av to-årsperioden Brukarutvalet 2020-2021

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 92/2021 i møte den 06.12.2021

Behandling

Brukarutvalet har hatt ein evaluering av arbeidet som er gjort i denne perioden – følgjande punkt kan nemnast:

Bevaringspunkt:

- Godt miljø i brukarutvalet med god «takhøgde».
- God og bred representasjon i brukarutvalet.
- God breidde i bakgrunn og erfaring blant representantane.
- Brukarutvalet opplever at ein blir teken på alvor og har ei reell påverknig.

Forbetringspunkt:

- Mykje aktivitet utanom brukarutvalsmøta er ikkje så synleg.
- Brukarorganisasjonane bør orienterast meir om kva Brukarutvalet jobbar med.
- Organisere møta slik at det blir satt av nok tid til å drøfte saker som angår pasientar og pårørande.

Vedtak

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal vedtar forslag til bevaringspunkt og forbetringspunkt.

93/21 Styresak - Statusrapport oktober og budsjett 2022

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 93/2021 i møte den 06.12.2021

Behandling

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal fekk ein gjennomgang av statusrapport oktober samt budsjett 2022 frå økonomidirektør Trine Sperre.

Følgjande vedlegg har blitt gjort kjent for Brukarutvalet:

- Statusrapport Helse Møre og Romsdal HF oktober 2021
- Vedlegg statusrapport Helse Møre og Romsdal oktober 2021
- Budsjett 2022

Brukarutvalet HMR takkar for ein god gjennomgang og vil gi ros for det gode arbeidet som er gjort i Helseforetaket for å få drifta til å gå i pluss alle månader så langt i 2021.

Vedtak

Brukarutvalet HMR tek orienteringa til vitende

94/21 Avtakking av representantar frå Brukarutvalet HMR periode 2020-2021

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 94/2021 i møte den 06.12.2021

Behandling

Leiar Paula Næss Skaar takkar følgjande representantar frå Brukarutvalet HMR for arbeidet de har lagt ned for Helse Møre og Romsdal for perioden dei går ut av:

- Daniel Ask - medlem
- Jakob Strand - medlem
- Asbjørn Ringdal Gausdal - medlem
- Annlaug Stavik - vara
- Astrid Stranden - vara
- Tina Lindseth - vara

Vedtak

Ingen vedtak